

Røter & føter



Røtene våre er med på å definere kven vi er. Så legg vi ut på våre korte og lange reiser i verda, og enkelte vender aldri tilbake. Røter kan avgrense og binde oss fast, men gjer oss også trygge og stødige i møte med det ukjende.

Førdekonferansen 2024 samlar innleiarar som tek opp ulike sider ved kultur-arv. Nokon vil ta vare på den, uendra. For andre er kulturarven i konstant endring. Du møter også dei som nyttar røter som inspirasjon og i motstandskamp. På konferansen inviterer vi til refleksjonar rundt kva røter kan vere og kva dei kan brukast til og korleis dei er viktige for innleiarane på ulikt vis.

Påmelding via fordefestival.no
Konferanseavgift inkl. lunsj: 1100,-

Bedrift med ønskje om faktura? Send epost til: billetter@fordefestival.no



PROGRAM TORSDAG 4. JULI 9.30–16.00 | SCANDIC SUNNFJORD HOTEL & SPA



Programleiar

Astrid Versto frå Vinje er tidlegare journalist i NRK. Ho har også vore informasjonssjef ved Slottet, kommunikasjons-sjef for utviklingssaker i UD og ambassadør i Kroatia.

09.30 Registrering og kaffi

10.00 Opning



10.10 Røter som gjev tankane føter – om Mime-brunnen som kjelde til visdom og innsikt

Professor **Paul Otto Brunstad** ved HVL hjelper oss å løfte blikket og sjå dei store linjene.



10.45 Setesdalsfolk på Unesco si immaterielle kulturarvliste

Astri Rysstad, tidlegare kultursjef i Bykle og Suldal, fortel om arbeidet med å komme på Unesco-lista. Samtale med programleiar.

11.10 Dei viktige arkiva

Med synlege og tilgjengelege arkiv kan ein medverke til at endå fleire historier vert fortalde og at kulturarvperspektivet vårt vert meir rikholdig.



I **Cédric Dind-Lavoie** sitt siste prosjekt, Archives, står arkivopptak i sentrum.



Sigbjørn Nedland (Jungeltelegraf) har redda 'lyden av Afrika' gjennom arkivprosjekt i Aust-Afrika.



Unni Løvlid er leiar for folke-musikkstudiet på Norges



Musikkhøgskole, der folke-musikkarkiva våre er ein viktig del av pensum.

Runa Kvalsund er student ved Norges Musikkhøgskole.



11.35 Når røyndom blir litteratur

Astrid Versto samtalar med **Brynjulf Jung Tjønn** og **Irene Kinunda Afriye**, to forfattarar som nyttar egne erfaringar og røter i tekstane sine.



12.10 Kaffipause



12.25 Rotlandskap: Strandamålarane, landskapsmålarar frå Vestlandet

Alt Går Bra – **Branko Boero** og **Agnes Nedregård** – er eit kollektiv for visuell kunst som siktar mot å fornye vegane i samtidskunsten. Dei står for årets festivalutstilling, som tek utgangspunkt i fenomenet strandamålarane.



12.50 Lunsj



13.50 Ukrainske røter som musikalske våpen

Nataliia Rybka-Parkhomenko og **Mariia Oneschak** frå Duo Kurbasy fortel om korleis dei brukar folkemusikken som aktivitet, trøyst og til å skape samhald i krigstid. Samtale med Versto.



14.30 Musikk og migrasjon

Om musikk som vandrar inn og ut av land og riker, og inn og ut av norske daler og bygder. Musikkjournalist **Sigbjørn Nedland** gav i fjor ut boka



Kultur-retur. Musikkens reiser i historia og i geografien.

15.00 Frå skog til scene

Førsteamanuensis i musikk ved HVL, **Egil Haugland**, er utøvande musikar og ein kjend gitarbygger. Bruk og gjenbruk av tremateriale frå nærmiljø har vore eit mål i Haugland si tilnærming til gitarbygginga.



15.30 Naturen er vår heim

Margreth Olin tek oss med heim, til røter og slekt og lar oss ta del i naturopplevingane som er utgangspunktet for Fedrelandet, filmen som blir vist på kino og festivalar verda over.

16.00 Slutt



Kjøpt billett til konferansen gir rabatt på desse konsertane:

Opningskonserten Røter, i Idretts-hallen, Aziza Brahim på Larris Scene og Sommarnatt på Jølster på Jølstramuseet.

FØRDEKONFERANSEN ER ARRANGERT AV

fordefestivalen

